


Handlingsplan mot mobbing på Strand vgs

Opplæringsloven § 9a-3,2ledd



STRAND VGS

det beste i den enkelte

Godkjent av leiinga 30. Oktober 2017

Føreord av rektor:

Mobbing og krenking skjer dessverre på kvar einaste skule. Konsekvensane av å bli utsett for mobbing er sterkt belastande for den enkelte.

Strand vidaregåande skule ønskjer å få det beste ut av den enkelte ved å skape et best mulig læringsmiljø for elevane, det inneberer nulltoleranse for mobbing og krenking. Me vil ha som mål å jobbe systematisk, målretta og førebyggjande mot både elevmobbing og vaksenmobbing.

Denne planen vil vera eit reiskap til nettopp dette, å holde fokus på førebygging, ein vegleiar til kontinuerlig systematisk arbeid mot mobbing og ein vegleiar til konkrete tiltak når mobbesituasjonar og krenking oppstår.

Leiinga sitt mål er at dokumentet skal vera eit nyttig reiskap for alle tilsette og elevar ved skulen.

Erik Danielsen
rektor

Innhold:

FØREORD AV REKTOR:	2
BAKGRUNN FOR PLANEN:	4
<u>KVA SEIER OPPLÆRINGSLOVA § 9A-3?</u>	4
<u>KVA ER MOBBING?</u>	5
<u>KVAR SKJER MOBBINGA?</u>	5
<u>DIGITAL MOBBING:</u>	5
NÅR MOBBING SKJER - KVA SKAL GJERAST?	7
FØREBUANDE TILTAK - KVA KAN ME GJER FOR Å UNNGÅ MOBBING PÅ VÅR SKULE?	11
KONTINUITET:	12
NYTTIGE NETTSTADER:	12
SKJEMA TIL BRUK:	12
REGISTRERINGSSKJEMA 1 - BROT PÅ §9A-3	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
REGISTRERINGSSKJEMA 2 - BROT PÅ §9A-3	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
VEDTAK OM TILTAK I FORHOLD TIL ELEVENS PSYKOSOSIALE MILJØ, JF. OPPLÆRINGSLOVENS § 9A-3	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
KVALITETSSIKRINGSSKJEMA - FORVALTNING AV § 9A-3	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.

Bakgrunn for planen:

Stortinget har vedtatt nytt regelverk om skulemiljø. Det nye regelverket gjeld frå 1. august 2017. Departementet har laga eit nytt rundskriv som blant anna gir informasjon om kva skulen skal gjera dersom ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen, og om elever og foreldre sine rettar til å melde saken til fylkesmannen.

Rundskrivet finn du på denne linken: <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Laringsmiljo/skolemiljo-udir-3-2017>

Kva seier opplæringslova § 9a-3?

"Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogeleg, sjølv gripe direkte inn".

Elevane har fått si eiga "arbeidsmiljølov". § 9a i Opplæringslova tar føre seg både det fysiske og det psykiske læringsmiljøet. Den er laga for at elevane og føresette kan seie i frå dersom noko i skulemiljøet ikkje er tilfredsstillande. Skulemiljøet har stor betydning for elevane sin trivsel og deira læringsresultat.

Kva fortel § 9a - 2?

Rundskrivet til departementet understreker at den einskilde har ein individuell rett til eit trygt og godt skulemiljø.

«Eleven har en individuell rett til et trygt og godt skulemiljø, og det er elevens egen subjektive oppfatning som avgjør om skulemiljøet er trygt og godt jf. oppl. § 9 A-2. Skolen og skoleeier har en plikt til å handle i henhold til aktivitetsplikten, slik at elevens rett blir oppfylt. Skolen skal også jobbe kontinuerlig og systematisk for å fremme helsen, miljøet og tryggheten til elevene, jf. oppl. § 9 A-3 andre ledd.

At skulemiljøet skal være trygt betyr blant annet at elevene ikke skal komme til skade og at elevene skal føle at skolen er et trygt sted å være. Trygghet handler også om å vite at skolen tar tak hvis noe skjer. Hvis skulemiljøet er trygt, men ikke godt, skal skolen også handle.»

Strand vgs har nulltoleranse for mobbing og krenking. Me har derfor laga ein handlingsplan som bygger på opplæringslova som seier kva me som skule kan

gjera for å førebyggja mobbing og krenking og aktivitetsplikta som seier kva me skal gjera når dette skjer.

Kva er mobbing?

Ein person blir mobba når han eller ho, gjentatte gonger og over tid, blir utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar. Det er ei negativ eller aggressiv handling når nokon med vilje påfører ein annan person skade eller smerte- ved fysisk kontakt, ved ord eller på andre måtar.

Mobbing er kjenneteikna med 3 kriterium:

1. Det dreier seg om ei aggressiv eller vondsinna åtferd
2. som gjentar seg over ei viss tid
3. i ein mellommenneskeleg relasjon prega av ein viss ubalanse i makt- og styrkeforholdet.

(Henta frå "Veileder til opplæringsloven kapittel 9a-elevenes skolemiljø")

Kvar skjer mobbinga?

"Det hevdes iblant at det meste av mobbingen blant elever foregår på skoleveien og ikke på skolen. Tvert imot viser forskningen vi viser til her at to til tre ganger så mange elever blir mobbet på skolen sammenlignet med på skoleveien (1). Omtrent 50- 75 prosent av mobbingen skjer i friminuttene: på skolegården, i korridorene eller på mer bortgjemte steder. Den kan også foregå i timene hvis læreren ikke er oppmerksom og slår ned på tendenser til mobbing. Skolen er altså uten tvil det stedet der det meste av mobbingen foregår. Dette legger et spesielt ansvar på skolens ledelse og på lærerne."
(frå www.ung.no)

Det er med andre ord viktig at lærarar og andre tilsette på Strand vgs er tilstades der elevane er. Me ønskjer å ha eit godt elev-lærar forhold og eit godt elev-elev forhold. Med synlege lærarar og lærarar som bryr seg, blir det eit tryggara skulemiljø for alle. Men lærarar kan ikkje vera alle stader på ein gong, dei kan heller ikkje alltid kontrollera kva som skjer på nettet. Det er difor viktig å læra elevane opp til å ta vare på kvarandre, seia i frå når noko er galt osv. Det er også viktig å lære seg å bruke den digitale verda på ein god måte.

Digital mobbing:

"Digital mobbing er mobbing som føregår via mobiltelefon eller Internett" (sitat Mobbepplan på Holviga skole)

Døme:

- Ein elev sender krenkande SMS'ar til ein anna elev.
- Ein elev tar lydopptak eller fotograferer ein medelev eller lærar utan deira samtykke.
- Ein elev skriv noko om ein anna elev (eller lærar) på ei Internett side,

forum, eller blogg.

- Ein elev legg ut bilete av ein medelev eller lærer utan deira samtykke.
- Ein elev sender ein eller fleire "mobbe e-poster"/chatte-meldingar/snappar til ein anna elev eller lærar.

"Enkelte lager websider der de publiserer bilder eller video de selv har laget eller mottatt som viser et offer i en situasjon som kan være svært nedverdiggende, eller oppretter grupper av typen 'Vi som hater Liv' på nettsamfunn som for eksempel Facebook." (sitat: www.medietilsynet.no)

Dette er berre døme, det finnes fleire former for digital mobbing.

Strand vgs vil vera i forkant når det gjeld bruk av teknologi i skulen. Skulen har hatt fleire lærarar på kurs i "Nettvett". Målet er at alle elevar skal læra korleis ein brukar Internett på ein god måte, jf Strand vgs sin IKT-plan.

Dette inneber at elevane må lære at det også finnes regler for oppførsel i "cyberspace". Elektronisk kommunikasjon (t.d. SMS, chat, snapp og e-post) gjer det enklare å seie ting man kanskje ikkje ville ha sagt ansikt-til-ansikt. På ei anna side blir det enklare for skulen å dokumentere at mobbinga faktisk har skjedd.

Tips og råd om trygg bruk av internett og mobil:

- ver mot andre på nettet som du vil at dei skal vera mot deg
- Vern om namnet ditt, bruk kallenamn
- Gi aldri ut passordet ditt
- Spør om lov før du legg ut opplysningar eller bilete av andre

(frå www.brukhue.com)

Krenking

Krenking kan definerast på same måte som mobbing, med einaste forskjell at krenking er ein eingangshending. Det blir stilt same krav til handsaming av opplevd krenking som til opplevd mobbing.

Når mobbing/krenking skjer - kva skal gjerast?

Skulen praktiserar "nulltoleranse". Med det forstår me følgjande:

1. [Alle har ei plikt til å følgje med.](#)
2. [Alle ansatte har plikt til å gripe inn.](#)
3. [Alle ansatte har plikt til å varsle ved mistanke](#)
4. [Ved mistanke har skulen plikt til å undersøke grundig](#)
5. [Aktivitetsplikt og handlingsplan](#)
6. [Dokumentasjon](#)

Oppsummert:

Alle har ansvar for å bidra til eit godt og trygt læringsmiljø. Kvar einskild har plikt til å involvera seg i skulemiljøet på ein positiv måte ved å møta alle elevane med godt humør og vilje til å vera merksam på elevar som kan sjå ut til å ikkje ha det greitt. Alle har ansvar for å følgja med korleis elevane trivs og skulen har plikt til å undersøke ved mistanke om mobbing/krenking.

Blir det oppdaga mobbing i klassen/skulen mot ein elev, har den som oppdagar dette ansvar for å gjennomføra følgjande:

- Gripa inn og stoppe handlingane
 - o Varsle avdelingsleiar eller rektor

Det er i den nye forskrifta til opplæringslova §9a-2 og 3. lagt vekt på at skulen har ei handlingsplikt. Handlingsplikta blir summert godt opp i krav til at skulen utarbeider ein aktivitetsplan for kvart tilfelle.

Aktivitetsplanen skal vera eit skriftleg dokument som er underskriven av rektor og godkjent i dialog med elev og føresette. Aktivitetsplanen skal minimum ha følgjande hovudmoment:

- Bakgrunn
 - o Kva problem skal løysast?
 - Vise til regelverk og gjennomført prosess sålangt
- Tiltak
 - o Forslaga til tiltak skal drøftast med elev og føresette- under 18 år.
 - o Tiltaka skal vera konkrete
 - o Det skal vera avklart kven som har ansvar for gjennomføring av tiltaka
 - o Tiltaka skal sjølsagt alltid ha eleven sitt beste som utgangspunkt
 - o Tiltaka skal tidfestast

- Evaluering
 - o Tiltaka skal evaluerast
 - Undervegs av skulen, elev og føresette.
 - Sluttevaluering ved skulen, elev og føresette

«Dersom foreldre eller føresette ikkje er nøgde med skulen si handsaming og gjennomføring, har dei høve til å klaga direkte til fylkesmannen. Dersom skulen og føresette ikkje kan einast om ein aktivitetsplan, har føresette rett til å melda direkte til fylkesmannen.»

[Sjå link for meir utfyllande informasjon om dette.](#)

Skulen har utarbeidd konkret forslag til handlingsrekkefølge:

- i. Mobboffer:
 - 1. Kontaktlærer og rektor/avd.leiar har møte med eleven som vart mobba.
 - 2. Rektor/avd.leiar ringjer heim til foreldra/føresett og orientere kort om hendinga som har skjedd i dag. Dei avtalar vidare oppfølging.
- ii. Plagar/mobbar:
 - 1. Blir henta ut av klassen, til eit møte med rektor/avd.leiar og kontaktlærer. I møte blir plagaren konfrontert med hendinga (ut frå dokumentasjon). Han/ho får beskjed om at mobbinga må stoppe umiddelbart, at rektor er orientert i saka og at rektor/avd.leiar ringjer heim til foreldre/føresette etter møte.
 - 2. Varsle kva tiltak som skulen vurderer som aktuelle
 - a. Møte med rektor (som vil vurdere å melde saka til politiet)
 - b. Kan bli vist bort frå skulen resten av dagen

- c. Kan bli nøyd til å bytte skule (om mobbinga fortsett)
- iii. Aktivitetsplan
 1. Blir utarbeidd i samråd med elev og føresette.
- iv. Gruppa av plagarar
 1. Blir henta ut av klassen, ein og ein, til eit møte, jf punktet over.
 2. Varsle kva tiltak som er aktuelle
 - a. Møte med rektor (som vil vurdere å melde saka til politiet)
 - b. Kan bli vist bort frå skulen resten av dagen
 - c. Kan bli nøyd til å bytte skule (om mobbinga fortsett)
- v. Plagarane sine foreldre - Individuelt eller samla
 1. Avd.leiar informerer kort på telefon - og kalle inn til møte som avd.leiar/rektor er med på. Innkallinga skal skriftleggjerast.
 2. På møtet: tar opp saka og viser dokumentasjon som er gjort. Orienterer om kva tiltak som er aktuelle og i samarbeid med foreldra få slutt på mobbinga.
- vi. Det skal fattast enkeltvedtak ved eventuelt utvising av elevar.
- vii. Referata skal leverast til sakshandsamar på kontoret som legg dei i ESA (arkiv).

Vaksenmobbing

Ved mistanke eller observasjonar om vaksenmobbing er det rektor ved Strand videregående skole som skal bli kontakta. Det er også rektor som er ansvarleg for sakshandsaminga.

Dersom det er leiar som står bak mobbing/krenking skal saka umiddelbart bli overført til fylkesrådmannen.

Rutiner for vaksenmobbing:

- Ved bekymring eller melding frå elev om vaksenmobbing/krenking, skal rektor umiddelbart ta opp saka med involverte.
- Eventuelle samtaler med elever som gir uttrykk for kjennskap til mobbing/krenkelsar frå vaksne i elevundersøkinga, blir gjennomført av rektor.
- Møte og samtale med aktuell tilsette blir gjennomført av rektor. I denne samtalen er det viktig at den tilsette blir gitt høve til kontradiksjon.
- Rektor tar alltid kontakt med personalavdelinga før det blir ei personalsak.
- Saken følges normalt sett opp med faste møter, kor avdelingsleiar med personalansvar har ansvar for oppfølging av den tilsette .
- Kontaktlærer vil ha oppfølgingsansvar for involvert elev.

Førebuande tiltak - kva kan me gjera for å unngå mobbing på vår skule?

Ein føresetnad for god læring er at elevane kjenner seg trygge og trivs på skulen. Vårt mål er derfor å sikre ein god skulestart for alle elevane. Me legg vinn på at elevar og lærar vert godt kjende med kvarandre i starten av skuleåret. Nokre klassar reiser på overnattingsturar, andre har ulike aktivitetar saman i skuletida.

Me legg også vinn på god klasseleiing. Lærarane er tydelege i kva dei forventar av kvar elev, både fagleg og sosialt. Klassen skal vera ein trygg stad for alle elevane. Det blir slått hardt ned på åtferd som kan sára andre. Samtidig som ein er ein tydeleg lærar skal ein også ha god relasjon til elevane. Dette er områder som både lærarane og leiinga på Strand vgs har hatt fokus på dei siste skuleåra.

I tillegg, kjører vi ulike opplegg (ofte i samarbeid med elevrådet) med fokus på trivsel og tryggleik for elevane.

«Psykisk helse»: Dette er eit undervisningsopplegg som elevane på vg1 deltek på. Me har som mål å gi ungdom informasjon om psykiske problem og liding. Elevane har ulike haldningar til psykiske problem. Mange ser på dette som noko mystisk og skremmande. Dei veit ikkje kor vanleg det er å slite med psykiske problem. Å få informasjon om dette tema, er derfor viktig. Elevar som tidleg lærer seg kjenneteikn på ulike psykiske utfordringar, og har fått informasjon om kvar ein kan få hjelp, har større sjanse for å få det bra og lykkast både sosialt og fagleg på skulen.

“Nettvett”: Ha ei innføring i korleis me opptrer når me er på Internett, jf kapitlet om digital mobbing lengre framme i denne planen.

Foreldresamarbeid:

Skulen har kvar haust foreldremøte for alle foreldre/føresette til elevar på vg1 og vg2. Her går me gjennom kva mål/visjon skulen arbeider mot, kva rettar og plikter elevane har osv. For oss er det viktig at relasjonen mellom lærar og den einskilde elev sine føresette er prega av respekt, tillit og samarbeidsvilje.

Foreldra er ofte dei som først høyrer/ser at ungdommen deira ikkje har det bra. Då er det viktig at skulen får beskjed om dette og kan ta saka opp med eleven.

Ved terminskifte vert foreldra også kalla inn til elevsamtale saman med eleven. Her er det fagleg utvikling, karriereval og trivsel som står i fokus.

Andre tiltak:

- Kontaktlærer informerer og drøfter kva nulltoleranse inneber i klassane ved skulestart.
 - Kontaktlærer sørger for at elevane er informert om korleis dei melder frå om mobbing/krenking
- Tydelege klassereglar for godt læringsmiljø
- Årlege undersøkingar om mobbing, elevundersøkinga med oppfølging
- Mobbing som tema i elevsamtalar gjennom skuleåret
- Makkerskap

Kontinuitet:

Skulen sitt arbeid med å førebyggje, avdekkje og stoppe mobbing går føre seg kontinuerleg. Rektor tar mobbing som tema fram på fellesmøte, slik at personalet på skulen "hel dette varmt" og vil reagerer dersom dei ser noko som kan minne om mobbing/krenking.

Kvar år gjennomfører me elevundersøkinga, der elevane skal svare på om dei har blitt mobba eller sjølve har vore med å mobba. Resultata av denne undersøkinga blir tatt opp på både fellesmøte for heile personalet og på kvar avdeling på skulen.

Elevsamtalane i gjennom året er også ein arena for kvar ein kan avdekkje eventuell mobbing.

Elevråd og skulemiljøutval er også med i prosessen om å evaluera denne planen. Sjå elles førebyggande tiltak over.

Handlingsplan mot mobbing skal reviderast kvar vår, av leiinga på skulen. På den måten kan denne planen verta eit nyttig verktøy i arbeidet med å førebyggja, avdekkja og stoppe mobbing.

Nyttige nettstader:


www.nettvett.no

www.brukhue.com

www.mobbing.dubestemmer.no

www.medietilsynet.no

Skjema til bruk: Vedlegg 1 er link til hjemmesiden.



Vedlegg 2: Unntatt offentlighet, jf.

Offentlighetsloven § 13a

KVALITETSIKRINGSSKJEMA - FORVALTNING §9a

Eleven sitt navn: _____

Klasse/gruppe: _____

Tiltak	Utført dato	Ikke relevant
Avdelingsleder og rektor er informert		
Aktivitetsplan er laget og underskrevet av elev, foresatte og rektor.		
Det er gjennomført samtale(r) (etter skolens mal for håndtering av mobbesaker) med elev som har vært utsett for mobbing/ krenkende ord eller handlinger og det er skrevet referat fra samtalen(e) Referatene skal bli lagt inn i ESA (arkiv)		
Det er gjennomført samtale(r) med elev/elever som har utført mobbing/krenkende ord eller handlinger (etter skolens mal for håndtering av mobbesaker) og det er skrevet referat fra samtalen(e) Referatene skal bli lagt inn i ESA (arkiv)		
Det er gjennomført samtale(r) med foreldrene til begge parter og det er skrevet referat fra samtalen(e). (Se skolens mal for håndtering av mobbesaker) Referatene skal bli lagt inn i ESA (arkiv) (Ikke når eleven er over 18 år.)		
Aktivitetsplanen er kvalitetssikret ved at hovedmomentene: Bakgrunn, tiltak, ansvar, tidsaspekt, evaluering er tydelig formulert og fordelt.		
Ev. vedtak om reaksjoner rettet mot elev/elever som har utført mobbing/krenkende ord eller handlinger er i samsvar med skolens ordensreglement og eleven og foreldrene har fått skriftlig melding om vedtaket. Vedtaket er et enkeltvedtak med klagerett.		
Trinnleder/kontaktlærer/rådgiver og evt andre aktuelle i personalet ved skolen er orienterte om vedtaket.		
All dokumentasjon er skriftliggjort og arkivert i ESA.		
Foresatte er informert om klagerett til fylkesmann		

NB! All dokumentasjon i saken skal oppbevares i ESA og vær unntatt offentlighet, jf. Offentlighetsloven § 13a.

Ansvarsfordeling 9a-saker

Ansvarlig	Tiltak
Rektor	<ul style="list-style-type: none"> • Delta på møter med foresatte • Kommuniserer tydelig at arbeid mot mobbing har høyeste prioritet ved skolen. • Påse at personalet gjøres kjent med innholdet i oppdatert handlingsplan ved skolestart • Lede oppfølgingsmøter skissert i vedlegg 2. klassen. • Motta registrerings skjema (Vedlegg 4), og sammen med relevant kontaktlærer/trinnleder avgjøre videre saksgang. • Delta på årlig evalueringsmøte av handlingsplanen
Avdelingsleder	<ul style="list-style-type: none"> • Ansvar for gjennomføring av alle møter etter mobbing/krenking er observert. • Kommuniserer tydelig at arbeid mot mobbing har høyeste prioritet ved skolen. • Systemrettet arbeid på eget trinn • Påse at alle tiltak for godt læringsmiljø gjennomføres på egen avdeling. • Delta på årlig evalueringsmøte av handlingsplanen
Kontaktlærer	<ul style="list-style-type: none"> • Følge med på alle elevene en har ansvaret for • Ansvar for læringsmiljøet i egen klasse • Kommuniserer tydelig at arbeid mot mobbing har høyeste prioritet ved skolen overfor elevene. • Delta på oppfølging skissert i aktivitetsplan når egen elev er involvert. • Gripe inn ved observasjon av mobbing/krenkelser • Rapportere inn observasjoner av mobbing og krenkelser i tråd med etablert praksis. • Vurdere videre saksgang sammen med rektor/avdelingsleder • Møte med elever, samt skrive referat fra disse møtene.
Lærer	<ul style="list-style-type: none"> • Følge med på læringsmiljøet • Har ansvaret for læringsmiljøet i egne timer. • Gripe inn ved observasjon av mobbing/krenkelser • Rapportere inn observasjoner av mobbing og krenkelser til avdelingsleder/rektor
Rådgiver	<ul style="list-style-type: none"> • Kommuniserer tydelig at arbeid mot mobbing har høyeste prioritet ved skolen. • Delta på oppfølging ved behov. • Delta på årlig evalueringsmøte av handlingsplanen • Koordinere skolens forebyggende arbeid




STRAND VG5
det beste i den enkelte

Vedlegg 5:

Rutiner for vaksenmobbing:

- Bekymring eller melding om vaksenmobbing skal alltid bli gitt direkte til rektor. Dersom tilsette i leiinga er involvert skal rektor overlata saka til opplæringsavdelinga ved fylkesdirektør for opplæring.
- Ved bekymring eller melding frå elev om vaksenmobbing/krenking, skal rektor umiddelbart ta opp saka med involverte.
- Eventuelle samtaler med elever som gir uttrykk for kjennskap til mobbing/krenkelsar frå vaksne i elevundersøkinga, blir gjennomført av rektor.
- Eventuell samtale med aktuell tilsette blir gjennomført av rektor. I denne samtalen er det viktig at den tilsette blir gitt høve til kontradiksjon.
- Rektor tar alltid kontakt med personalavdelinga før det blir ei personalsak.
- Saka følges normalt sett opp med faste møter, kor avdelingsleiar med personalansvar har ansvar for oppfølging av den tilsette.
- Kontaktlærer vil ha oppfølgingsansvar for involvert elev



Handlingsplikta gjeld alle som arbeider ved skulen og inneber blant anna at skulen utarbeider ein aktivitetsplan i samråd med elev og føresette.

- Skulen si handlingsplikt er presisert i punkta under.

Foreldre/føresette har høve til å melde saka direkte til fylkesmannen når skulen ikkje følger handlingsplikta som krev at skulen tek saka opp innan fem arbeidsdagar.

Foreldre/føresette kan og melda saka til fylkesmann dersom dei ikkje meiner at aktivitetsplanen er god nok.

Krav til innhald i aktivitetsplan er presisert i punkt 5 under:

1. [Alle har ei plikt til å følgje med.](#)
2. [Alle ansatte har plikt til å gripe inn.](#)
3. [Alle ansatte har plikt til å varsle ved mistanke](#)
4. [Ved mistanke har skulen plikt til å undersøke grundig](#)
5. [Aktivitetsplikt og handlingsplan](#)
6. [Dokumentasjon](#)

Aktivitetsplanen skal dokumenterast i ESA

Aktivitetsplanen er unntatt offentlighet, jf. offentlighetslovens § 13a

Aktivitetsplanen blir skriven på skulens brevark.

Aktivitetsplanen skal underskrivast av avdelingsleiar, foreldre/føresette og elev.